

Namn på skulen: Askøy videregående skole

Tal elevar skuleåret 2016/17:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring**Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	86,83% (inkl. HT-elever – utan 84,77%)
2016/17	Får opp tal i Extens som er klart feil

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	1,9%	3,0% (inkl.HT)
	2016/17	1,3%	3,7%
Termin 2/standpunkt	2015/16	1,57%	2,84%
	2016/17	0,56%	2,5%
Eksamen	2015/16	4,4%	
	2016/17	7,5%	

1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	126
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	92 (talet gjeld ca. 30 elevar)
<i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i>	
Det er tydeleg at elevane er meir på skolen, men vi har auke i talet på sluttarar. For nokre av dei har nok fråværet spela ei rolle. Nokre slit med motivasjonen, medan dei fleste av sluttarane slit med sjukdom av ulikt slag.	
<i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i>	
Vi har gitt fagleg støtte der elevane har vore i stand til å ta i mot den. Men sidan mange slit med motivasjonen, prøver vi å utplassere elevane og/eller omplassere dei for å sjå om det hjelper. Vi har tett samarbeid med helsesøster og politi for å lette situasjonen for elevane. I år har vi og sett inn ein miljøarbeidar som har gått i miljøet, og som vi meiner har vore positivt.	

1.4 Gjennomsnittleg fråvær

2015/16	timar	30
	dagar	8,8
2016/17	timar	16,3
	dagar	7,21

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10	
2015/16	3,9% (Rekna av elevtalet ved teljdato).
2016/17	5,2% Rekna av elevtalet ved teljdato).

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»	
<p>Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?</p> <p>Vi har ingen der avbrottskoden er «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt».</p>	

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18	
<p>Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og frávær i fag og utdanningsprogram?</p> <p>Vi ser positiv utvikling både når det gjeld IV og 1. Det same ser vi i fráværstalet der gjennomsnittet av talet på dagar er redusert, og talet på timar er halvert. Det som bekymrar oss er at talet på stryk til eksamen har auka mykje. Om det skuldast at var mange oppe i matematikk, er vanskeleg å vite. Tverrfagleg eksamen på yrkesfag er det gjennomgåande gode resultat.</p> <p>Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?</p> <p>Våre rådgivarar og elevinspektør har mange samtalar med ungdomsskolane i kommunen. Avdelingsleiarane informerer på ungdomsskolane. Elevar både frå 9. og 10. klasse er på skolen slik at dei skal bli kjent. Det og ei messe for 10. klassane i kommunen. Rådgivarane har svært god oversikt over våre eigne elevar i overgangen frå Vg1 til Vg2. Nokre elevar må til andre skolar pga linjevalet.</p> <p>Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?</p> <p>Vi ser at ein del elevar har problem med motivasjonen, og det tar vi på alvor. Vi prøver å hjelpe elevane med praksisplassar. Både rådgivarar, assistentar og kontaktlærarar legg ned mykje ressursar i desse elevane. Det er også lagt ned auka ressursar i støtteapparatet: skolen er ein MOT-skole (med engasjerte elevar), frå hausten får vi helsesøster i full stilling, vi har prosjektpsikologane på skolen nokre dagar i månaden. For nokre elevar er det absolutt best at dei sluttar. Nokre elevar får hjelp til å finne praksisplass eller arbeid. Dette meiner vi er betre for dei enn å mistriust på skolen, og øydeleggje for klassekameratar og lærarar.</p> <p>Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?</p> <p>Vi har hatt og vil ha fokus på motivasjon.</p>	

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – Motivasjon – frå praksis til teori for auka læring

Kva var målet med tiltaket?

Målet med tiltaket var å arbeide med å auke elevane sin motivasjon ved fokus på praksis som bakgrunn for læring.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Hovudområda vi valde å ha fokus på, var praksisnær opplæring i eit digitalt læringsmiljø og klasseleiing. Grupper av lærarar skulle velje sine tiltak ut frå kor dei meinte dei hadde behov for å vidareutvikle kompetansen sin.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Grunnen til at vi valde å gjere det slik, var at lærarane opplevde manglande motivasjon som gjennomgåande i klassane, og elevane uttrykte det same i elevundersøkinga.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Grupper av lærarar har arbeidd saman om sine utviklingsmål. Eksempel på tema: relasjonspedagogikk, danning, yrkesfagleg fordjuping og vurdering, kreativitet i undervisninga, vurdering i kroppsøvingfaget, vidareutvikle bruken av onenote, eigenvurdering, klasseleiing, Tores teknikkar (klasseleiing basert på Bendler og Grinders forskning).

2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Lærarane har presentert prosjekta sine for kvarandre på avdelingsmøte.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Nokre lærarar har endra praksis, men som skole kan vi ikkje seie at praksis er endra.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Svaret blir som over, nokre lærarar og elevar har opplevd at målet er nådd, men slett ikkje alle.

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Tanken om at lærarane skal kunne arbeide med eit område dei sjølv meiner dei har behov for å utvikle seg, er bra, men vi har ikkje greidd å engasjere alle.

2.2 Utviklingstiltak – OneNote i undervisninga

Kva var målet med tiltaket?

Spesielt ein kontaktlærer på elektro har vore opptatt av å bruke OneNote i undervisninga, og har hatt som mål at alle lærarane i klassen skulle bruke dette verktøyet.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

OneNote er eit samhandlingsverktøy som gjer samhandlinga mellom lærarar og mellom lærarar og elevlar lettare.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Det er drive fram av interesse frå ein enkeltlærer, og har spreidd seg til andre. Dette prosjektet gjer at det blir fokus på det tverrfaglege arbeidet, og det er greiare å arbeide med relevansen i samhandlinga mellom programfaga og fellesfaga.

Dette programmet gjer at det er lettare for elevane å orientere seg. Det er ein inngang til alle faga. Elevane kan lett få tilbakemelding på det arbeidet dei gjer. Det gir betre samarbeid og betre vurdering.

Men ITL blir framleis brukt til innleveringar og informasjon.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Kontaktlærer har styrt arbeidet knytt til ein klasse.

2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Avdelingsleiar og ass. rektor har følgd opp dette prosjektet. Læraren har lagt det fram for avdelinga.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

For lærarane på elektro ser vi at praksis er blitt endra, og kommande skoleår vil heile avdelinga bruke OneNote, og at bruken spreier seg til fellesfaglærarane. Elevane uttrykker i firkantmøta at dei synes dette er ein motiverande måte å arbeide på.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Starten har vore bra, men det er meir å gå på.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Dette er eit eksempel på eit tiltak som har sitt utspring i ein lærar, og der andre følgjer etter fordi det gir ein vinst både for lærar og elev. Etter vår meining er dette ein god måte å etablere pedagogisk utviklingsarbeid på.

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet**3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Vi har hatt fokus på ulike tema på personalsamling, på avdelingsmøte og i faggrupper.

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Dei tillitsvalde for lærarorganisasjonane har støtta utviklingsarbeidet, og lærarane har sjølv vald kva område sei skal arbeide med.

3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

I og med at lærarane har vald sine mål sjølve med utgangspunkt i overordna mål, meiner vi at personalet skal vere involvert. Vi veit at ikkje alle har deltatt like engasjert, og det er ei utfordring korleis ein skal engasjere det pedagogiske personalet i dette arbeidet.

3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Ulike tema har vore opp i styret i elevrådet og i elevrådet. Skolen har halde fram med å gjennomføre firkantmøte der tema som læringsmiljø har på agendaen. I gjennomgangen av elevundersøkinga i klassane har det og vore fokus på korleis ein kan auke motivasjonen.

3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Nokre lærarar opplever dette arbeidet som eit tillegg til det dei elles gjer, og vi greier ikkje å få dei til å forstå at dette kan vere grunnlaget for å betre ein pedagogisk praksis.

3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

Gjennom dei ulike tiltaka og fokusområde vi har hatt, har vi prøvd å bevisstgjere oss og utvikle oss i forhold til hovudområda i det pedagogiske utviklingsarbeidet nemnt i styringsdokumentet. Det er dermed ikkje sagt at vi ikkje har meir å gå på innanfor alle områda.